



Lotterinemnda

Vedtak i Lotterinemnda 6. juni 2018

Sak

2018/0141 Hjørundfjord Kulturvernlag – org.nr. 988 359 130 – klage over avslag på søknad om å halde smålotteri

Til stades: Vara for leiar Audgunn Syse, medlem Åse Gustavsen og medlem Ingjald Sørhøy

Bakgrunn for saka

Hjørundfjord Kulturvernlag melde 11. mars 2018 inn eit smålotteri med føremål om drift av kulturvernlaget og bevaring av kulturminne i Hjørundfjord.

Lotteritilsynet gjorde vedtak om å avslå meldinga 13. mars 2018 fordi det innmelde lotteriet ikkje oppfylte vilkåra i forskrift om lotteritilsynet og lotteriregisteret m.m. § 5-1, jf. lotteriloven § 7. Avslaget var grunngjeven med at det reknast som ei offentleg oppgåve å ta vare på norsk kulturarv og at det etter forskrifta § 5-1 andre ledd ikkje kan haldast smålotteri som har til hensikt å finansiere ei offentleg oppgåve.

Klagar klaga på vedtaket 15. mars 2018. Klagar held fram at det er vanskeleg å få offentlege midlar til restaurering av regionale og nasjonale kulturminne. Uansett er ikkje midlane som vert tildelt frå det offentlege tilstrekkeleg til å dekke kostnadane for vedlikehald av kulturminna fordi det ved slike tildelingar er ein betydeleg eigenandel som kulturvernlaget må dekke sjølv. Om avslaget vert oppretthalde ser klagar ikkje anna løysing enn at drifta vert nedlagt. Det vert elles vist til klagen i si heilhet.

Lotteritilsynet har ikkje funnet grunn til å gjere om vedtaket sitt. Klagen med innstilling frå Lotteritilsynet vart sendt til Lotterinemnda 12. april 2018 for behandling.

Klagar sendte inn ytterlegare merknadar 21. april 2018.

Det rettslege grunnlaget

Etter lov 24. februar 1995 om lotterier m.v. (lotteriloven) § 6 går det fram at «[m]ed unntak som nevnt i § 7 er det forbudt å avholde lotteri uten tillatelse».

Av § 7 går det fram at «[f]ølgende lotterier trenger ikke tillatelse:

Postadresse

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no

(..) b) Forhåndstrukne og etterhåndstrukne lotterier med en begrenset omsetning etter nærmere bestemmelse fastsatt av Kongen i forskrift, når lotteriet ikke er overlatt en medhjelper mot betaling».

I forskrift 21. desember 2000 om lotteritilsynet og lotteriregisteret m.m. (lotteritilsynsforskriften) er det gitt nærmere regler om lotterier som ikkje treng løyve. Forskrifta § 5-1 lyder:

«Organisasjoner som i sin virksomhet ivaretar formål som nevnt i lotteriloven § 5 første ledd, kan uten tillatelse avholde forhånds- og etterhåndstrukne lotteri med omsetning inntil kr 200 000 per kalenderår.(..)

Første ledd gjelder også for lokale og regionale ideelle og frivillige organisasjoner, der lotteriets inntekter ikke skal benyttes til kommersielt basert virksomhet eller til ivaretagelse av offentlige oppgaver».

I forskrifta tredje ledd heiter det: «Melding om lotteri som nevnt i første ledd skal sendes Lotteritilsynet senest 14 dager før loddsalget begynner. Melding skal sendes på fastsatt skjema og registreres i sentralt register.»

Det følger av rettleiinga på Lotteritilsynets heimeside at dersom eit innmeldt smålotteri ikkje oppfyller vilkåra i § 5-1, skal Lotteritilsynet avslå meldinga. Etter vedtak om avslag kan lotteriet ikkje gjennomførast.

Kulturdepartementet har i brev av 15. januar 2013 gjort greie for fylgjande:

«Lotteritilsynet estimerer at det er minst 1500 kulturvernorganisasjoner i Norge. Å gi generell tilgang til lotterimarkedet for et så stort antall nye organisasjoner vil potensielt påvirke markedet i form av større konkurranse om å få være formål på bingo og om å få avholde tradisjonelle lotterier innenfor samme geografiske område. Med bakgrunn i ønsket om en samfunnsmessig forsvarlig fordeling av inntektsmulighetene fra lotterivirksomhet, mener departementet at man bør vise varsomhet med å introdusere et stort antall nye lotteriformål. Slike omfattende endringer kan eventuelt ikke gjennomføres uten at konsekvensene er grundig utredet. Departementet har på bakgrunn av dette kommet til at det på dette tidspunkt ikke er hensiktsmessig å endre dagens praksis.»

Etter forvaltningslova § 34 kan klageinstansen prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye opplysningar. Klageinstansen kan sjølv treffe nytt vedtak i saka eller oppheve det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

Lotterinemnda si vurdering

Hjørundfjord Kulturvernlag si klage gjeld Lotteritilsynet sitt avslag 13. mars 2018 på melding om smålotteri.

Klagar er ikkje godkjend som lotteriverdig organisasjon, og spørsmålet blir difor om vilkåra i § 5-1 andre ledd er oppfylte.

Klagar er etter det opplyste ei kulturminneforeining som er drevet på frivillig basis for å bevare kulturminner i Hjørundfjord. Foreininga er såleis ein lokal frivillig og ideell organisasjon.

Klagar har vidare gjort greie for at føremålet med å halde smålotteri er å finansiere drifta av laget og å skaffe inntekter til å dekke kostnader for bevaring og vedlikehald av kulturminner.

Etter langvarig praksis frå Lotterinemnda og Lotteritilsynet vert arbeid for vern av kulturminne sett på som ei offentleg oppgåve, og verksemd med føremål om vern av kulturminner kan difor ikkje finansierast ved lotteri, jf. til dømes Lotterinemnda si avgjerd i sak 2010-12. Som Lotteritilsynet har gjort greie for, er denne praksisen mellom anna grunngjeven med at det allereie finst ei rekkje offentlege organ som administrerer støtteordningar retta mot bevaring og tilgjengeleggjering av kulturminner. Som det framkommar ovanfor er praksisen også vurdert av Kulturdepartementet i 2013, utan at departementet fann grunn til å instruere Lotteritilsynet om å endre praksis.

Det er på denne bakgrunn nemnda si vurdering at det innmeldte smålotteriet ikkje oppfyller vilkåra i lotteritilsynsforskriften § 5-1, og Lotteritilsynet sitt vedtak om å avslå meldinga er rettmessig.

Konklusjon

Lotterinemnda finn etter ei konkret vurdering av opplysningar i saka at tilsynet sitt vedtak skal oppretthaldast.

Vedtak

Klagen vert ikkje teken til fylgje. *Dokumentet er godkjent elektronisk*